



Arkivnr: 2019/3400-1

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.05.2019

Breibandutbygging - nasjonal tilskotsordning 2019 - prioriteringar i Hordaland

Samandrag

Økonomi: Ingen effekt på driftsresultat, lånegjeld og disposisjonsfond

Klima: Betre digital kommunikasjon kan bidra til redusert klima- og miljøpåverknad

Folkehelse: «Digital allemannsrett» er eit viktig folkehelseiltak i dagens informasjonssamfunn

Regional planstrategi: Prosjekta styrker regionale transportsamband og digital infrastruktur

Forslag til vedtak

Samferdselsdepartementet har i statsbudsjettet for 2019 løyvd nær 200 mill. kroner til utbygging av breiband i område som ikkje er kommersielt lønsame å byggje ut. Den økonomiske ramma til Hordaland er 8.445.422 kroner, og Hordaland fylkeskommune prioriterer fylgjande søknader i innstillinga til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom).

1. Stord kommune – 1.816.000 kroner
2. Osterøy kommune – 2.000.000 kroner
3. Lindås kommune – 2.700.000 kroner
4. Meland kommune – 1.300.000 kroner
5. Os kommune – 629.422 kroner

Dersom det vert aktuelt med ny tildelingsrunde av unyttta midlar hausten 2019, ynskjer Hordaland fylkeskommune å prioritera følgjande søknader:

1. Jondal kommune – 1.000.000 kroner
2. Samnanger kommune – 900.000 kroner
3. Samarbeidsprosjekt Voss, Vik og Aurland – 800.000 kroner

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 13.05.2019

1. Innleiing

Samferdselsdepartementet har i statsbudsjettet for 2019 løyvd nær 200 mill. kroner til utbygging av breiband i område som ikkje er kommersielt lønsame å byggje ut. Midlane er fordelt til alle fylka etter ein fordelingsnøkkel basert på den faktiske dekninga som er registrert i Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) si siste dekningsundersøking. Den økonomiske ramma til Hordaland er 8.445.422 kroner.

Både kommunale og fylkeskommunale prosjekt kan søke om støtte, og det er den enkelte fylkeskommune som skal prioritere prosjekt innanfor eige fylke og innafør den økonomiske ramma fylket er tildelt. Fylkeskommunen sender deretter si prioriterte innstilling til Nkom, som vil kontrollere at prosjekta er i tråd med reguleringa av statstilskot og oppfyller dei kriteriana som gjeld for tilskotsordninga.

Hordaland fylkeskommune inviterte alle kommunane i Hordaland til å søkja på ordninga 4. april 2019. Innan søknadsfristen 10. mai 2019 var det kome inn søknader frå kommunane Lindås, Meland, Os, Osterøy og Stord. Dei fem kommunane søkjer til saman om 8,8 mill. kroner i tilskot til ulike breibandprosjekt til ein samla sum av 17,7 mill. kroner. Under er ein kort oversikt over dei fem søknadene:

Søklar	Søknadssum	Totalprosjekt	< 10 Mbit/s	10-30 Mbit/s	Lokal medfinansiering	Husstandar
Lindås	2 700 000	4 560 000	100 %		1 860 000(41 %)	304
Meland	1 300 000	3 518 000		100 %	870 000 (25 %)	67
Os	1 000 000	1 300 000	25 %	75 %	300 000 (23 %)	
Osterøy	2 000 000	2 200 000	100 %		200 000 (9 %)	71 (252)
Stord	1 816 000	5 450 000	50 %	50 %	1 816 000 (33 %)	145
Totalt	8 816 000	17 028 000			5 046 000 (30 %)	

2. Krav til søknadene

Støtteordninga er retta mot bustadar som ikkje har grunnleggjande breiband (10 Mbit/s). Ordninga tar òg omsyn til dei bustadane som har høgaste hastigheit mellom 10 Mbit/s og 30 Mbit/s, levert over koparnettet. Telenor har varsla at dei vil stenge koparnettet innan utløpet av 2022.

Minst 80 prosent av husstandane i fylket som får tilbod om breiband gjennom denne støtteordninga skal vera husstandar som manglar eit tilbod om breiband med minst 10 Mbit/s, eller har tilbod om breiband i intervallet 10-30 Mbit/s basert berre på Telenor sitt koparnett. Det er også eit krav at lokale bidrag samla sett for kvar fylkeskommune skal utgjera minimum 25% av dei totale prosjektkostnadene. Kravet om 25 % lokal finansiering gjeld ikkje for enkeltprosjekt.

Prosjekta det vert søkt om støtte til skal vera teknologinøytrale, det vil seia at det kan t.d. ikkje kan stillast krav om fiberbreiband.

Hordaland fylkeskommunen skal kontrollere at regelverket for offentlige innkjøp vert følgd. Tildelingar under denne tilskotsordninga skal også vera i tråd med det generelle gruppeunntaket i EØS-regelverket for offentlig støtte.

3. Kort beskriving av søknadene

Lindås kommune – søknad om tilskot på 2.700.000 kroner

Lindås kommune vil etablere breibandstilbod til 304 abonnentar fordelt på 11 mindre område. Felles for områda er at dei ikkje har noko tilbod om breiband på 30 Mb/s eller meir. Delar av områda manglar tilbod med bandbredde 4 Mb/s. Eit anna fellestrekk er at gjennomsnittskostnaden for eventuell fiberframføring til den enkelte husstand er relativt høg. Kommunen si utlysning, som skal samkøyrast med eventuelle tiltak i Meland og Radøy kommune (framtidige Alver kommune) vil være teknologinøytral.

Meland kommune – søknad om tilskot på 1.300.000 kroner

Meland kommune søker om tilskot til utbygging av breiband i fire område i kommunen (Ryland-Fløksand, Bjørndalen, Åsebø og Mjåtveit). Områda har i dag låg hastigheit på eksisterande internett. Aukande innbyggjartal har ført til auka press på det eldre koparnettet som er utbygd i store delar av kommunen. Koparnettet skal no også fasast ut. Kommunen har difor jamleg fått spørsmål frå innbyggjarar om ytterlegare utbygging av breibandstilbodet i kommunen. Innspel kommunen har fått tyder på at den teoretiske farta dekningskartet viser, i praksis ikkje stemmer med den farta den enkelte kunde får.

Os kommune – søknad om tilskot på 1.000.000 kroner

Etter ein høyringsrunde har Os kommune valt å søke på tilskotsmidlar for utbygging av høghastighetsbreiband på Gåssand-området og eit par mindre område. Dei aktuelle områda har i dag manglande eller svært dårleg breibandsdekning.

Osterøy kommune – søknad om tilskot på 2.000.000 kroner

Osterøy kommune søker om tilskot til utbygging av tre område (Vassdalen, Løtveit-Herland og Kleiveland-Heimvik) som ikkje har grunnleggjande breiband. I desse områda er det 67 husstandar og 212 fritidsbustader.

Stord kommune – søknad om tilskot på 1.816.000 kroner

I Stord kommune er det fleire mindre område der det ikkje er utbygd fibernett, og som har dårleg dekning for mobil og breiband. Bebuarar i områda etterspør utbygging av breiband, og har ved fleire høve etterspurt bistand frå kommunen for å få bygd ut nettet. Nokre stader baserer ein seg også på koparnettet som vil bli fasa ut fram mot 2023. Stord kommune har kartlagt behovet for utbygging av breiband i nokre mindre områder av kommunen.

1. Hornelandsvågen: 10 bustader
2. Øvre Økland-Sagenes: 37 bustader
3. Huglo: 12 bustader
4. Bjønnvik- Stokkavegen: 59 bustader
5. Grovåsen: 4 bustader
6. Rødkleiv: 18 bustader
7. Digernes: 5 bustader

Kartlegginga er utført på bakgrunn av etterspurnad frå bebuarar i områda, om moglegheiter for at kommunen kan bistå med å få utbygd breibandnettet. Nasjonal kommunikasjons myndighet sine dekningskart viser også at desse områda har svak dekning.

4. Prioritering av søknadene

I fylgje krava til tilskotsordninga skal område som ikkje har dekning av grunnleggjande breiband med hastigheit på minimum 10 Mbit/s prioriterast. Blant dei fem søknadene er det Stord og Osterøy som oppfyller dette kravet best. Fylkesrådmannen tilrår difor at desse to søknadene blir prioritert øvst med høvesvis 1 816 000 kroner til Stord og 2 000 000 kroner Osterøy.

Også dei resterande søknadene er innanfor kravet om at tilskotet skal gå til husstandar som manglar eit tilbod om breiband med minst 10 Mbit/s, eller har tilbod om breiband i intervallet 10-30 Mbit/s basert berre på Telenor sitt koparnett. Lindås og Meland er kome noko lengre enn Os i kartlegginga og planlegging av områda som skal byggjast ut. Det vert difor tilrådd at desse kommunen får tilsegn om det beløpet det er søkt om. Resten av ramma vert tildelt Os. Tilrådinga frå fylkesrådmannen blir dermed:

1. Stord kommune – 1.816.000 kroner
2. Osterøy kommune – 2.000.000 kroner
3. Lindås – 2.700.000 kroner
4. Meland kommune – 1.300.000 kroner
5. Os kommune – 629.422 kroner

Samferdselsdepartementet og Nkom har bedt fylkeskommunane om prioritere fleire søknader enn det den økonomiske ramma til kvar einskild fylkeskommune gjev rom for. Årsaka til dette er at det er venta at enkelte fylkeskommunar truleg ikkje klarer å få inn nok søknader til å oppfylla sine økonomiske rammer. Det kan dermed bli aktuelt med retildeling av midlar hausten 2019. Fylkesrådmannen vil difor også gjera ei prioritering av søknadene til Samnanger og Jondal, som i fjor fall utanfor den økonomiske ramma (PS 196/2018). Søknadene frå Samnanger og Jondal gjeld begge område der delar av dekninga er betre enn 10 Mbit/s. Jondal bør prioriterast først ved eventuell retildeling på grunn av nye utfordringar med samhandlinga mellom innbyggjarar og det offentlege når kommunen skal slåast saman med Ullensvang og Odda.

Hordaland fylkeskommune har dei siste åra også kartlagt status på breiband mellom Hordaland og Sogn og Fjordane. Basert på fleire arbeidsmøter med bransjeaktørane er det avdekket fleire svakheiter mellom dei to fylka som skal slåast saman.

Eit samarbeidsprosjekt mellom Voss, Vik og Aurland kan løysa mykje av dette. Ei utbygging frå Voss, via Indre Sogn, vidare til Austlandet er førebels kostnadsrekna til 16,6 mill. kroner. Spleiselaget som må til for å løysa dette er førebels ikkje på plass, men fylkesrådmannen ynskjer å få prosjektet inn på prioriteringslista med 800.000 kroner, slik at det kan arbeidast vidare med dersom det skal tildelast meir midlar gjennom denne tilskotsordninga.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen ved eventuell retildeling av unyttta midlar blir dermed:

1. Jondal kommune – 1.000.000 kroner
2. Samnanger kommune 900.000 kroner
3. Samarbeidsprosjekt mellom Voss, Vik og Aurland